

Til  
Jan-Åge Johannessen  
Leidulv Brunborg  
Kåre Helge Østrem  
Henriette Stormark  
Jostein Hellestveit  
Trude Hosøy Andersen  
Gunnlaug B. Dale - tilsettere representant  
Astrid Sylta Namtvedt - vararepresentant:  
Ordfører i Lindås og rådmann i Lindås

16. oktober 2018

**Det vert med dette kalla inn til styremøte i Knarvik Industri og Miljø AS  
tysdag 30. oktober 2018 klokka 15.30 på kantina i Kvassnesvegen 52**

**Saksliste:**

**18/18 Godkjenning av innkalling, sakliste, og referat frå møtet.**

**Vedtak:** Innkalling, sakliste og referat vert godkjent.

**19/18 Presentasjon av KIM butikken.**

**Vedtak:** Presentasjonen vart teken til orientering.

**20/18 Økonomi / rekneskap**

Gjennomgang av siste tilgjengelege rekneskapstal.

**Vedtak:** Rekneskapen vart teken til orientering.

**21/18 Medarbeidarundersøking – (Etter mal frå VEKST-bedriftene i NH)**

Det vart i oktober gjennomført ei enkel medarbeidarundersøking blant ordinært tilsette. Skjema som vart nytta er same skjema som dei andre bedriftene i NH har/ skal bruke.

Undersøkinga viser at ein i all vesentleg grad har gode arbeidsvilkår ved KIM AS. Ein finn likevel områder der ein har forbettringspotensiale. Dette vil dagleg leiar ta tak i saman med personalet i tida som kjem.

**Vedtak:** Presentasjonen vert teken til orientering

**22/18 Orientering frå dagleg leiar:**

- Industrivern – Orientering frå tilsynsbesøket som vart gjennomført ved KIM 9 oktober. Ref selskapskontrollen av KIM
- Risikokartlegging ved KIM – Ref selskapskontroll og krav i høve til industrivern.
  - Tilsette ved KIM har gjennomført ei risikokartlegging av KIM AS. Alle tilsette har delteke i denne kartlegginga. Det vart ikkje avdekket at det er vesentlege risiko eller fare knytt til aktiviteten på KIM AS

- Avviksmeldingar sidan sist møte.
- Sjukefråvære så langt i 2018.
- Innkjøp av ny bil til Gjenbruksbutikken
  - Den gamle bilen til Gjenbruksbutikken gjekk ikkje gjennom i EU kontrollen. Etter å ha informert styreleiar vart det kjøpt inn «ny» bil Nissan NV 400L2H2 2017 mod til kr 229 000.- Finansiert med lån via forhandlar.
- Diverse IKT mm.
  - Overgang til IKT Nordhordland er gjennomført
  - Me automatiserer dette som gå på fakturabehandling inn- og ut fakturering.
  - Me har innført WIS tiltak som program for administrering av brukaropplysningar.
- Me vurderer å gå over til å bruke ISO 900 i staden for eQuass som kvalitetssystem.
- Ny tilsett på avdeling for tre og utegruppa.
- Lønnsoppgeret for KIM AS 2018 – Presentasjon av resultatet.
- Referat frå forhandlingsmøte med Lindås kommune 16.10.2018

**Vedtak:** Teken til orientering.

**23/18 Lønn til dagleg leiar.**

**Vedtak:** Lønn til daglig leder kr .....

**Dersom du ikkje kan møte, er det fint om sender ei melding til dagleg leiar, telefon 47 46 11 06 eller e-post: [morgan@k-im.no](mailto:morgan@k-im.no)**

Knarvik 16.10.2018

For styreleiar Jan-Åge Johannessen

.....  
Morgan Taule

Dagleg leiar